

# Møteinkalling

---

**Utval:** **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Tungestølen, Veitastrond

**Dato:** 22.06.2021

**Tidspunkt:** 09:00 – 11:00

---

Velkommen til det fjerde møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

Møtet finn stad på Tungestølen turisthytte på Veitastrond.

Vi minner alle om å ta omsyn og halde seg til FHI sine gjeldande koronaregler.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Marthe på tlf. 91 71 95 51 eller Tor Arne på tlf 90 19 24 71. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 22/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 23/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 24/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Orientering frå SNO Jostedalsbreen</li> <li>2. Status tiltak og planarbeid</li> <li>3. Orientering om Stryn nasjonalparkkommune</li> <li>4. Drøfting om medlemskap i EUROPARC</li> <li>5. Orientering om personvernerklæring nye styresider</li> <li>6. Evaluering av forvaltningsordninga</li> <li>7. Framlegg til 30-års markering</li> <li>8. Mediasaker sidan sist</li> </ol>		
ST 25/21	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til opprusting av stien til Flatbrehytta		2021/8759
ST 26/21	Utarbeiding av skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn - Jostedalsbreen nasjonalpark		2021/7859
ST 27/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalen, Erdalen og Sunndalen -Dispensasjon for innsamling av karplanter, mose, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med skjøtselsplanlegging - NIBIO		2021/7859
ST 28/21	Delegerte saker		
DS 4/21	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for helikoptertransport til Skåla i samband med ekstraordinære tiltak 2021 - Bergen og Hordaland turlag		2021/7649

**ST 22/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 23/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med  
styreleiar**

**ST 24/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker**



Arkivsaksnr: 2021/8759-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 11.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	25/21	22.06.2021

## Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - løyve til opprusting av stien til Flatbrehytta

### Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrifta sin § IV, og naturmangfaldlova si § 48, gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til bolting og festing av wire, oppføring av bru, og merking av delar av stien til Flatbrehytta i Sogndal kommune.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i naturmangfaldlova sin § 48, til bolting og festing av wire, i strengt naudsynt omfang, ved to lokalitetar langs stien til Flatbrehytta i Sogndal kommune.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3. strekpunkt, til oppsetting av to bruer langs stien over elva ved Flatbrehytta i Sogndal kommune. Brua skal byggjast av naturleg materiale som malmfurū eller liknande, og takast ned før vinteren for lagring ved Flatbrehytta. Bruene skal vere omlag 3-5 m lange.

Vidare gir Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve, med heimel i verneforskrifta sin § IV, punkt 1.2, 3. strekpunkt, til merking av utvalde delar av stien til Flatbrehytta.

#### Løyvet omfattar:

- Boring av boltar for festing av wire på to strengt naudsynte stader, av tryggleiksomssyn
- Oppføring av to bruer over elva oppe ved Flatbrehytta
- Merking av utvalde parti av stien der det er lett å gå feil

Merkinga skal ikkje vere på fast fjell, på gamle særmerkte tre eller på andre viktige natur- eller kulturminne, og skal følgje retningslinene i DNT si merkehandbok.

Sjølv om dette er eit tiltak som forvaltningsmyndet har ansvar for og har sett i gang på eige initiativ, vurderer vi det som riktig å vurdere tiltaket i lys av lov og forskrift. Slik vil styret sitt vedtak kunne bli klaga inn av eventuelle interessentar som er ueinige i tiltaket.



Det vil vere trong for motorferdsel i samband med tiltaket.

## Saksopplysningar

### Dokument i saka:

- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark

### Bakgrunn:

Både den gamle Flatbrehytta (steinbua bygd i 1954) og den nyare hytta (bygd i 1964) som ligg på 1000 m høgde kan sjåast på som eit kulturminne. Det er knytt mykje historie til brevandring og brekurs i området. Etter det store jøkulhlaupet i 2004 var det trong for å restaurere stien skikkeleg. I 2013 lyste nasjonalparkstyret ut anbodskonkurranse på ferdsslevegen til Flatbrehytta, som oppfølging av planen «Restaurering av fem gamle ferdsslevegar i Jostedalsbreen nasjonalpark». Dei vanskelege og utglidde partia blei då utbetra. På ein del bratte klyv blei det bygd opp med steintrinn av sherpaer frå Nepal. To nye bruer blei oppført, og ved Flatbrehytta vart det meste av muren framføre hytta bygd opp att. Det vart nytta stadeigen Stein.

Våren 2020 vart delar av den steinsette stien til Flatbrehytta teken av snøras. Ein ny trase på kring 70 meter vart gått opp og rydda av lokale eldsjeler, men må tilretteleggjast med trestokkar for å hindre vidare utgliding av stitrase og trakk utafor stien. Dette arbeidet går føre seg utanfor verneområdet, og nasjonalparkstyret har allereie tildelt midlar til tiltaket som er godkjent av grunneigar og ferdigstilt i juni 2021.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ruste opp stien mot Flatbrehytta i Fjærland i Sogndal kommune. Det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak tiltaka. Sjølv om dette er eit tiltak som forvaltningsmyndet har ansvar for og har satt i gang på eige initiativ, vurderer vi det som riktig å vurdere tiltaket i lys av lov og forskrift. Slik vil styret sitt vedtak kunne bli klaga inn av eventuelle interessentar som er ueinige i tiltaket.


Den aktuelle stien går mellom Øygard i Supphelledalen i Fjærland opp til Flatbrehytta. Denne gamle ferdsselsåra er eit av prosjekta på nasjonalparkstyret si tiltaksliste for 2021. Det har tidlegare vore spelt inn ønskje frå eigar av Flatbrehytta, André Øygard, om to bruer der stien kryssar elva som kjem ned frå Flatbreen. Vassføringa i elva kan verte stor og det har vore observert at tilreisande har snudd ved slike høve og ikkje kryssa elva bort til Flatbrehytta. Det har også vore spurt om oppføring av wire ved to spesielt utsette stader langs stien, med omsyn til tryggleik for tilreisande.

Denne typen inngrep er normalt søknadspliktig i nasjonalparken, jamfør verneforskrifta. At det er nasjonalparkforvaltninga sjølv som står bak inngrepa, fritek dei ikkje frå sakshandsaming og kravet om dispensasjon/løyve. Gjennom ei sakshandsaming og eit eventuelt løyve får ein vurdert dei omsyna til naturmiljøet som skal vurderast, ein får vurdert miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova, ein får sett viktige vilkår til eit eventuelt løyve og ikkje



minst så får ein eit vedtak som kan klagast på. Klageadgang på avgjerder som det offentlege gjer er ein viktig del av norsk forvaltningspraksis.

Sjølv om det verkar litt ulogisk, så bør altså nasjonalparkstyret søkje seg sjølv om løyve til å gjennomføre prosjektet og tiltaka, med dei inngrep dei fører med seg.



Figur 1: Oversiktskart med raud stjerne der bruene skal plasserast.

## Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne om eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område fra lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand



- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta sin § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. I verneforskrifta sitt punkt 1.2. står det at desse reglane ikkje er til hinder for (tredje strekpunkt) vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt, vegvisarar og liknande (vår understrekning). Forvalningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald om det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einskilde område.

Nasjonalparkstyret har difor heimel til å gje løyve til merking av eksisterande sti etter verneforskrifta sin § IV, punkt 1.2, tredje strekpunkt.

Forvalningsstyresmakta kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (verneforskrifta § IV, punkt 1.3, tredje strekpunkt) bygging av bruer og klopper, samt løyve til (verneforskrifta § IV, punkt 1.3, fjerde strekpunkt) merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetting av skilt og vegvisarar (vår understrekning). Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjeve etter punkt 1.3.

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep, m.a. graving, boring og å bryte laus stein. Det er likevel lov å vedlikehalde eksisterande stiar og løyper. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til merking og rydding av nye stiar og løyper. Sekretariatet vurderer at dei tiltaka som nasjonalparkstyret skal sette i gong ikkje vil kunne definerast som vedlikehald av løypene. Rutene krev fysiske inngrep i terrenget, og saka må difor handsamast etter naturmangfaldlova si § 48.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Stien opp mot Flatbrehytta er stadvis særskilt bratt, og i 2013 løyvde nasjonalparkstyret midlar til tilrettelegging med steintrapp på delar av stien som vart gjort av sherpaer og lokal arbeidskraft. Når stien no treng opprusting i form av boltar og wire samt oppføring av bruer, må denne typen infrastruktur vurderast nøyne og om det er trøng for ytterlegare supplering av slike hjelpemiddel.

Sekretariatet vurderer at dei tiltaka som nasjonalparkstyret skal sette i gong ikkje kan definerast som vedlikehald av stien, til det er dei nye tilretteleggingstiltaka med boring av boltar for festing av wire, og oppføring av nye bruer for omfattande. Søknaden må difor må vurderast etter verneforskrifta sin § IV, og nml § 48, det må difor ligge føre særlege grunnar for å gje løyve til tiltaket.



Jamfør nml si § 48 kan forvaltningsmyndet kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig (...). Sekretariatet vurderer desse tiltaka til å ikkje stri mot verneføremålet eller å påverke verneverdiane. Ruta opp mot Flatbrehytta er historisk og er viktig for verneføremålet om å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv.

Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde. Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlova sin §8, vurderer sekretariatet kunnskapen om naturmangfaldet til å vere god.

Ut i frå saka si karakter vurderer sekretariatet at kunnskapsgrunnlaget er godt i denne saka, slik at føre-var-prinsippet i nml § 9 får mindre vekt. Likevel bør det analyserast nøyne kvar einaste bolt og wire som blir sett ned på stien, slik at ikkje unødvendig og irreversibel skade vert gjort, noko som også rører ved nml si § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar. Naturmangfaldlova si § 11 vurderer vi som ikkje relevant for saka.

Å merke/remerke delar av stien oppover mot Flatbrehytta er eit tiltak som kan føre til tryggare ferdsel ved at tilreisande vert kanalisert langs tryggaste stritrase. Dette kan vidare resultere i redusert slitasje på sårbar vegetasjon, sjølv om talet på fotturistar skulle auke.

Jamfør nml § 10 skal ein vurdere om tiltaket, inkludert eventuelle liknande tiltak i framtida, kan gje ei samla belastning som er større enn området kan tolke. Så lenge tiltaket vert gjennomført på ein skånsam måte, vil ikkje tiltaket føre til auka belastning, men heller redusere effekten av belastninga ved å kanalisere ferdsla slik at hindrar slitasje utanfor stritrase der vegetasjon kan vere sårbar for ferdsel.

Elva ved Flatbrehytta kan tidvis verte ganske stor, og det er kjent at turgåarar har hatt utfordringar med å komme seg forbi dette punktet på stien. To bruer med dimensjonar kring 3-5 m lengd kvar kan bidra som ein tryggleiksfaktor for friluftslivet. I nasjonalparken ønskjer forvaltningsmyndet hovudsakleg bruer og anna liknande infrastruktur utforma med naturleg materialar. Forvaltar ser difor at bruha bør byggjast av malmfurru eller liknande, og ikkje av impregnert materiale. Brua bør heller ikkje bli større enn absolutt naudsynt, men den skal samstundes byggjast slik at den toler belasting og klimapåverknad over tid (nml § 12). Brua skal vere lett nok til å kunne takast ned av to personar for lagring ved Flatbrehytta om vinteren. Brua skal ikkje verte ståande over vintersesongen.

Den gamle ferdselsvegen opp til Flatbrehytta i Sogndal kommune vert opprusta og tilrettelagt for auka ferdsle med fysisk opparbeidning i felt, etter prioritering frå nasjonalparkstyret. Arbeidet vert truleg ferdig sommaren 2021, dersom tildelte midlar rekk til. Rutene vil gje turgåarar ein tryggare og betre tilrettelagt tur langs den gamle ferdselsåra. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve til festing av wire, boltar og bru der det er absolutt naudsynt av omsyn til vassvegane i områda og av omsyn til tryggleiken.



Arkivsaksnr: 2021/7859-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 09.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	26/21	22.06.2021

## Utarbeiding av skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn - Jostedalsbreen nasjonalpark

### Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek å starte arbeid med skjøtselsplanar for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune i tråd med oppdrag gjeve i kontrakt mellom Statsforvaltaren i Vestland og NIBIO.

#### Framdrift:

- Jostedalsbreen nasjonalparkstyre inviterer grunneigarar, kommunen og andre interessentar til informasjonsmøte og synfaringar i veke 34. - **Juni**
- NIBIO startar arbeidet, dialog med brukargrupper, førebuing feltarbeid – **Juni**
- NIBIO arbeider i felt - **veke 34**
- Felles informasjonsmøte – **24. august**
- Synfaringar – **25.-27. august**
- NIBIO leverer fyrste utkast til rapport - **10. november 2021**
- NIBIO gjennomfører dialogmøte med aktuelle brukargrupper – **november 2021**
- NIBIO ferdigstiller og leverer endeleg rapport innan – **30. november 2021**
- Nasjonalparkstyret legg skjøtselsplanane på høyring – **desember 2021/januar 2022**
- Høyringsperiode – **vinteren 2022**
- Nasjonalparkstyret godkjenner skjøtselsplanane etter høyring, med eventuelle endringar etter høyringa – **våren 2022**

### Dokument i saka

- Kontrakt mellom NIBIO og Statsforvaltaren i Vestland, datert 04.05.2021
- Konkurransegrunnlag med oppdragsskildring, datert 12.03.2021
- Tilråding generell del mal til skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap, 2017 NIBIO
- Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark, rapport nr 1 – 2001 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane



## Saksopplysningar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i fleire år freista å skaffe midlar til utarbeiding av ny skjøtselsplan for tre stølsdalar i:- Stryn, Bødalen, Erdalen og Sunndalen. I 2021 hadde vi endeleg økonomiske midlar til prosjektet og Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kunne lyse ut tilbodskonkurranse om å utarbeide framlegg til skjøtselsplanar for heilskaplege kulturlandskap i dalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune. Norsk institutt for bioøkonomi – NIBIO vann konkurransen og fekk oppdrage.

Bakgrunnen for oppstart av arbeidet er at den gjeldande skjøtselsplanen for desse tre stølsdalane er utdatert og treng avløsing. Skal mest mogeleg av dei verdfulle kulturlandskapa i desse stølsdalane takast vare på trengst det planmessig skjøtsel og målretta tiltak.

Det skal lagast ein skjøtselsplan for kvar av dei tre stølsdalane. I arbeidet vil det verte lagt hovudvekt på areala innanfor vernegrensa, men særleg verdfulle kulturmarker like utanfor nasjonalparkgrensa kan og verte vurdert å ta med i skjøtselsplanen.

Kulturlandskap er landskap forma av menneska gjennom bruk i tusenvis av år, som vil endre seg dersom vi sluttar å ta vare på det. Den langvarige bruken av landskapet har gitt opphav til store biologiske verdiar. Desse verdiane er heilt avhengig av at menneska driftar kulturlandskapet med beitedyr og annan skjøtsel.

Ulike former for kulturlandskap treng ulik skjøtsel, avhengig av den tidlegare bruken. Målet med skjøtselen i stølsområda i Jostedalsbreen nasjonalpark er å ta vare på mest mogeleg av dei viktige leveområda for plante- og dyreartar (beitemarkene), samt å ta vare på stølsvollar, kulturminne og kunnskap om tradisjonelle driftsmetodar. Slik får ein vakre omgjevnader på kjøpet.

Gjennom arbeidet med skjøtselsplanen er det viktig å dokumentera verdiar i området knytt til tema som:

- biologisk mangfald
- landskap og arealbruk, inkludert beiting
- kulturhistorie, stølsmiljø, gamle stiar/driftevegar/ferdselsvegar som tilkomstvegar til stølane

For vidare oppfølging av skjøtsel i området vil det vere sentralt å:

- formulere bevaringsmål for ulike lokalitetar
- peike på skjøtselsbehov
- føreslå ei prioritert liste med konkrete tiltak.

Tiltakslista i skjøtselsplanen vil vere ein del av grunnlaget for tiltaksplanane som nasjonalparkstyret handsamar kvart år.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vil sende ut eit informasjonsskriv om oppstart av arbeidet med skjøtselsplanen og orientering om framdrifta i prosjektet. Det vil verte halde eit felles informasjonsmøte for alle tre dalane, i tillegg til synfaring i kvart av dalføra. Føremålet med møte og synfaringar er å orientere om korleis arbeidet med skjøtselsplanen er tenkt



gjennomført, og å gje grunneigarane og andre interesserte moglegheit til å kome med innspel til arbeidet. Invitasjon til å delta på møte og synfaringar vert sendt ut til grunneigarar og andre med interesser i dei tre stølsdalane. Informasjonsmøtet vil finne stad i samband medfeltarbeidet, som skal skje i veke 34. Møtet vert truleg halde på Nasjonalparksenteret i Oppstryn på ettermiddagstid tysdag 24.august. Dei påfølgjande dagane vert det synfaringar i dei tre dalane. NIBIO planlegg feltarbeid i området i veke 34 og vil vere med på informasjonsmøtet og synfaringane desse dagane. NIBIO vil levere utkast til skjøtselsplanar innan 10.november 2021, og gjennomføre dialogmøte med aktuelle brukargrupper før ferdigstilling. Rapportane vil bli publisert som NIBIO-rapportar og levert Jostedalsbreen nasjonalparkstyre innan 30.november 2021

Deretter vil nasjonalparkstyret gjere vedtak om at planen kan leggast ut på høyring. Høyringsperioden bør vere på om lag to månader, slik at det skal vera eit godt høve til å kome med innspel til skjøtselsplanen. Nasjonalparkstyret godkjenner planen med evt. endringar etter høyringa.

I Erdalen og Bødalen skal det sommaren 2021 gjennomførast basiskartlegging i verneområde etter Natur i Norge (NiN)-metoden. Dette er arbeid i regi av Miljødirektoratet. Basiskartlegginga skal utførast av Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter, som planlegg feltarbeid i veke 31. NIBIO vil samarbeide med Dokkadeltaet for å kunne nytte data frå basiskartlegginga inn mot skjøtselsplanen.

## Vurdering

Det er svært positivt at gjeldande skjøtselsplan for tre stølsdalar i Stryn no kan få avløysing og at det kan utarbeidast nye skjøtselsplanar med bevaringsmål og tiltakslistar for kvar av dei tre stølsdalane, Bødalen, Erdalen og Sunndalen. Skjøtselsplanen vil verte eit godt fagleg grunnlag, for at nasjonalparkstyret kan prioritere tiltak som forbetrar skjøtselen og tilstanden for det heilskaplege kulturlandskapet i dei tre stølsområda.

Omsynet til grunneigar og brukarinteresser veg tungt i arbeidet med skjøtselsplanen. Skal skjøtselsplanen bli eit godt verktøy, er vi avhengig av godt samarbeid med grunneigarar og brukarar. Skjøtselsplanen vil vere eit viktig verktøy for forvaltninga og brukarane i området. For å lukkast med målretta skjøtselstiltak er det vesentleg å prioritere område/areal der brukarane er motiverte for å drive skjøtsel.



Arkivsaksnr: 2021/7859-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 07.06.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	27/21	22.06.2021

## **Jostedalsbreen nasjonalpark - Bødalen, Erdalen og Sunndalen - Dispensasjon for innsamling av karplanter, mose, sopp og lav for vitskapleg føremål i samband med skjøtselsplanlegging - NIBIO**

### **Innstilling frå forvaltar**

Med heimel i naturmangfaldlova § 48 får NIBIO løyve til å ta belegg av artar for vitskapleg føremål i Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark. Løyvet gjeld fram til 1.november 2021.

Det er knytt følgjande vilkår til løyvet:

- Løyvet gjeld for personell som utfører feltarbeid i samband med skjøtselsplanlegging i Bødalen, Erdalen og Sunndalen.
- Det skal ikkje samlast inn belegg dersom det kan medføre fare for at arten blir borte lokalt (jf. § 9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

### **Saksopplysningar**

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre liste våren 2021 ut tilbodskonkurranse om å utarbeide skjøtselsplanar for stølsdalane Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Stryn kommune, og det var NIBIO som fekk oppdraget.

Ein del av oppdraget inneber feltregistreringar for å kartleggje artar og naturtypar. For det meste vil artane verte fastslått i felt, men i enkelte høve kan det bli trøng for å ta belegg for artsbestemming.

NIBIO søker om dispensasjon frå verneforskrifta for å kunne samle inn belegg av karplanter, mosar, sopp og lav der det er nødvendig for å sikkert å kunne bestemme rett art.



Føremålet med skjøtselsplanarbeidet er å skaffe kunnskap om dagens situasjon for kulturlandskapet i dei tre dalane. Kunnskapen skal nyttast til å utforme ein tiltaksplan for kvar stølsdal. Tiltaksplanen skal vere konkret slik at den lettar arbeidet med å ivareta natur og kulturverdiane i dalane.

All vegetasjon, medrekna daude buskar og tre, er verna mot all slags skade og øydelegging, jf. kap. IV, § 2.1. i verneforskrifta. Nasjonalparkstyret, eller den dei gjev fullmakt, kan vurdere å gjere unntak frå vernereglane, m.a. for vitskaplege undersøkingar, jf. naturmangfaldlova § 48, dersom omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje stirr med verneføremålet, og ikkje vil påverke verneverdiane nemneverdig.

## Vurdering

Førekomst av karplanter, mosar, sopp og lav er generelt därleg kjent i nasjonalparken, og det er ønskjeleg å auke kunnskapsgrunnlaget for desse artsgruppene. Målet med eventuell innsamling av belegg er å nettopp å auke kunnskapen. Nokre artar kan ikkje artsbestemmost sikkert i felt, og lyt samlast inn om ein skal klare å fastslå kva art det er.

Kunnskapsgrunnlaget for artar i nasjonalparken er særleg därleg i område som ikkje har vore kartlagt i dei seinare åra. Kunnskapsgrunnlaget om konsekvensane av innsamling blir vurdert som godt (jf. naturmangfaldlova § 8).

I §9 (føre-var-prinsippet) i naturmangfaldlova heiter det at:

*Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffen forvaltingstiltak.*

Uttak av belegg for artsbestemming kan i enkelte høve medføre risiko for alvorleg skade på naturmangfoldet, ved at ein art som finst i små tal kan stå i fare for å bli borte lokalt. Det må difor stillast som vilkår for løyvet at det ikkje må takast belegg av artar som berre finst i små og avgrensa populasjonar med stor avstand mellom populasjonane og som dermed står i fare for å bli borte lokalt (jf. §9 «føre-var-prinsippet» i naturmangfaldlova).

Den samla belastninga på flora og funga (soppflora) i området blir vurdert å vere låg (jf. naturmangfaldlova § 10).

§11 i naturmangfaldlova er ikkje aktuell i denne saka.

Å ta belegg etter standardiserte metodar er viktig for dokumentasjon av biologisk mangfald, og vi er kjend med at søkjær har lang erfaring med slikt arbeid. Dei har også god kjennskap til artane sitt livsmiljø og til nasjonal førekommst og utbreiing. Innsamling vil særleg vere retta mot sjeldne og lite kjende artar. Vi føreset at det blir tatt omsyn til artane si vidare overleving i området (jf. naturmangfaldlova § 12).

Resultata frå undersøkinga vil verte ein viktig del av kunnskapsgrunnlaget for forvaltinga av desse delane av Jostedalsbreen nasjonalpark. Betre kunnskap om kva artar som finst her, vil kunne gi oss kunnskap om kvar det bør utførast skjøtselstiltak.



Om det blir knyttt vilkår til løyvet, om ikkje å samle inn artar som kan stå i fare for å bli borte ved innsamling, meiner vi at innsamlinga ikkje vil påverke naturkvalitetane nemneverdig. Nasjonalparkforvaltar vurderer at ei omsynsfull og kritisk innsamling for vitskapleg føremål ikkje er i strid med verneføremålet.

**ST 28/21 Delegerte saker**



Arkivsaksnr: 2021/7649-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 25.05.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

## **Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - utvida løyve for helikoptertransport til Skåla i samband med ekstraordinære tiltak 2021 - Bergen og Hordaland turlag**

### **Delegert vedtak**

I medhald av vedtekter frå Miljødirektoratet datert 7. september 2015 har Jostedalsbreen nasjonalparkstyre, i møte den 14. mars 2016, gjort vedtak om å delegere handsaming av einskilde saker av kurant karakter til sekretariatet. Vedtaket gjev sekretariatet i Jostedalsbreen nasjonalpark mynde til å treffe vedtak i kurante saker etter dei spesifiserte heimlane i verneforskrifta.

**I samsvar med delegeringsfullmakt vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, å gje Bergen og Hordaland turlag utvida flyperiode og løyve til å nytte helikopter i omfang som er strengt naudsynt, i samband med tiltak mot veggedyr på Skålabu. Utviding av flygeløyve gjeld månadane juni og juli 2021, unnateke helg- og heilagdagar. Vilkåra i rammeløyvet er framleis gjeldande.**

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for flyging i juni og juli månad i 2021. Bergen og Hordaland turlag (BHT) har eit gjeldande rammeløyve på inntil ti landingar med helikopter årleg fram til og med 2022.



## Saksopplysningar

### Dokument i saka

- Søknad på e-post frå BHT v/Per Arne Aadland datert 18.05.2021
- Telefonsamtale med BHT den 26.05.2021
- E-post frå BHT datert 21.05.2021
- E-post frå BHT datert 28.04.2021
- Utvida løyve helikoptertransport til Skålabu for åra 2019-2022, datert 04.03.2019
- Rammeløyve fornya løyve til landing ved Skålabu 2017-2020, datert 16.11.2017
- Delegert vedtak – utvida flyperiode for helikoptertransport til Skålabu 2020, datert 28.05.2020

### Søknaden

Bergen og Hordaland turlag, heretter kalla BHT, kontakta nasjonalparkforvaltar onsdag 12. mai 2021 for å diskutere mogelegheit for å strekkje flygeløyve for helikoptertransport inn i juni og juli månad og auke tal flygingar grunna ekstraordinære tiltak i samband med veggedyrsituasjonen på Skålabu. Forvaltar bad om at BHT sendte inn ein skriftleg søknad.

Bergen og Hordaland turlag sendte i e-post datert 28.04.2021 varsel om planlagt flyging til Skåla onsdag 5. mai 2021 i tråd med gjeldande løyve. Det var då snakk om 1-2 hiv med proviant og anna forbruksmateriell som toalettpapir og handsprit. I etterkant fann ein at veggedyra som blei oppdaga ved Skålabu hausten 2020, og som ein ikkje hadde funne spor av på inspeksjon den 22. april 2021, likevel hadde overlevd vinterkulda. BHT sökte difor i e-post datert 18.05.2021 om utviding av løyve til helikoptertransport til Skålabu i månadane juni og juli, for å kunne setje inn nødvendige tiltak. Søknaden vert grunngjeven med den ekstraordinære situasjonen på Skålabu som har vore stengt for overnatting frå 14. oktober 2020.

21. mai fekk nasjonalparkforvaltninga e-post med melding om at BHT ønskjer å flyge tysdag 25. mai. Jamvel om BHT informerte om at denne flyginga er ein ekstraordinær transport i samband med tiltak mot veggedyra, konkluderte nasjonalparkforvaltar med at denne flyginga er innanfor gjeldande rammeløyve (mai månad), og såleis ikkje treng særskild dispensasjon. Det var kort varsel i samband med pinsehelg, men BHT forklarte i e-post at turen vart hurtig bestemt, då type tiltak mot veggedyr og tilgang på underleverandør kom på plass i siste liten.

26. mai tok nasjonalparkforvaltaren kontakt med BHT v/ Johnny Bjørge og Per Arne Aadland på telefon for å konkretisere tal flygingar omsøkt i tillegg til dei 10 gitt i rammeløyvet. Det kom då fram ny tilleggsinformasjon om at BHT ved Per Arne Aadland og skadedyrsfirma på dåverande tidspunkt var på Skålabu og allereie i gang med tiltak. Det vart vidare informert om at tiltaka truleg var så effektive at Skålabu kunne opnast i løpet av svært kort tid, det var snakk om nokre få dagar. Forvaltar og BHT vart dermed einige om at ein kunne stryke omsøkt auke i tal flygingar og at BHT vil halde seg til tal flygingar innanfor rammeløyvet. BHT lyt opne Skålabu for overnatting og sjå om det eventuelt er nokre veggedyr som har overlevd tiltaka, men veggedyra vil ikkje syne seg før eventuelle overnattingsgjester er tilstades som «agn» for veggedyra. Dersom nokon mot formodning har overlevd tiltaka, lyt skadedyrsfirmaet setje inn sterkare tiltak. Forvaltar og BHT drøfta moglegheita for at BHT



bør få utvida flygeløyve i tid for å ha moglegheit til å raskt setje inn eventuelle tiltak, og kom med framlegg om at BHT bør ha løyve til å fly også i månadane juni og juli. BHT skal ikkje nytte utvida flygeperiode i anna høve enn ved tiltak i samband med eventuell ny veggedyrsituasjon på Skålabu.

### BHT sitt gjeldande rammeløyve for flyging til Skålabu

BHT har eit rammeløyve som vart fornya ved styrevedtak 30.10.2017 og seinare utvida ved styrevedtak 04.03.2019. Løyvet gjeld inntil 10 helikoptertransportar i månadane mai og august-november.

Fra saksprotokollen, utvalssak 36/17, frå møte 30.10.2017:

#### *Handsaming i møte*

*Styret var samd i at det var viktig å unngå flyging i helgar og andre store utferdsdagar. Styret vil også presisere at Bergen og Hordaland turlag kan søkje forvaltar om ytterlegare helikopterflyging i særskilte tilfelle, jf. delegeringsreglementet, men i utgangspunktet holde seg til den ytre ramma som no er løyvd dei neste fire åra.*

#### **Vedtak**

*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve til Bergen og Hordaland turlag for ytterlegare to turar (2) med helikopter pr. år, i tillegg til dei seks årlege turane som turlaget har i fireårsperioden 2017 - 2020. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre endrar også perioden som turlaget har høve til å fly, til innanfor den same fireårs-perioden. Bergen og Hordaland turlag fordeler dei åtte turane mellom vår og haust ut i frå eigne vurderingar.*

1. *Løyvet gjeld inntil åtte landingar/dropp med helikopter ved Skålabu, traseen skal følgje kortaste veg via Breng i Lodalen til Skålabu.*
2. *Løyvet gjeld månadene mai og oktober/november kvart av åra 2017 - 2020, utanom laurdagar, sundagar, heilagdagar og offentlege fridagar.*
3. *Løyvet gjeld for transport av ved, gass, proviant og anna naudsynt utstyr for drift av hytta. Dersom det trengs folk til å ta i mot underhengande last frå helikopteret, må disse ev flygast opp innan den same ramma på åtte turar.*
4. *Helikoptertransporten skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, og være mest mogeleg konsentrert i tid. Om mogeleg, bør flyginga gå føre seg tidleg på føremiddagen eller seint på ettermiddagen.*
5. *Under helikoptertransporten skal det takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.*
6. *Statens naturoppsyn ved Anne Rudsenget (mob: 95963888) eller nasjonalparkforvaltaren (mob: 93664256) skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.*
7. *Løyve til helikoptertransport skal takast med under transporten.*
8. *Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg tilbakemelding innan 1.desember kvart år løyvet gjeld om gjennomført helikoptertransport. Rapporten skal skildre tal hiv, dato, kva som vart transportert og ev andre observasjonar.*

*Vi gjer merksam på at de i tillegg til dette løyvet må ha løyve til motorisert ferdsel frå Stryn kommune, samt grunneigar.*



*Jostedalsbreen nasjonalparkstyre avslår med dette søknaden å nytte laurdagar, sundagar, laurdagar og offentlege fridagar til flyging, av omsynet til friluftslivet, og gir heller ikkje løyve til å fly i juni, juli og august.*

I vedtak gjort 04.03.2019 vart det gjeve 2 ekstra flygingar og lagt til eit punkt med krav om samordning av transport med arrangøren av Skåla Opp.

## Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, andre strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsel for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsela til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfold, og det skal gå fram av avgjerd korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

## Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

Den spesielle situasjonen med veggedyr på Skålabu har etter forvaltar sin kjennskap ikkje tidlegare vore aktuell. Etter stenginga i oktober 2020 vona BHT og skadedyrsfirma at veggedyra ikkje ville overleve vinterkulda. Det viste seg likevel at veggedyra hadde overlevd



vinteren og 6. mai 2021 måtte BHT igjen stenge Skålabu for overnatting. Etter behandling i samråd med skadedyrsfirma har Skålabu igjen opna for besøk, som annonseret på BHT sine nettsider den 31.05.2021. Forvaltar vurderer det som lite truleg at ein tilsvarande situasjon behov for utviding av helikopterløyve i samband med tiltak mot veggedyr vil oppstå igjen, det er difor lita fare for at denne saka skapar presedens for utviding av flygetid. Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis for motorferdsel i verneområda. Ei utviding av flygeperioden i 2021, med grunnlag i veggedyrsituasjonen, gjev liten grunn for å frykte uføresette verknader som gjer det relevant å vise til nml § 9 i denne saka.

For dyreliv har motorferdsel ein forstyrrende effekt. Jamfør Statsforvaltaren i Vestland er det registrert hekkelokalitetar av sårbare artar i utkanten av ein stor radius rundt den planlagde flyginga. Det er likevel så langt unna at det ikkje vil bli påverka av støyen dersom flyginga held den traseen som er skildra i rammeløyvet. Det kan ikkje utelatast at det er fleire hekkelokalitetar i det omsøkte området, men vi har ingen registreringar pr. dags dato (§ 8 nml). Dei raudlista artane lirype og fjellrype er registrert i området.

§ 11 i naturmangfaldlova er ikkje relevant i denne saka.

Utvidinga av flyperiode som er gitt i vilkåra i rammeløyvet vil ikkje medføre auka samla belastning på naturverdiar, sidan tal turar vil vere det same (§ 10 nml).

Helikopter er det motoriserte framkomstmiddlet som er mest brukt i Jostedalsbreen nasjonalpark, og andre driftsmetodar for transport av større mengde utstyr og liknande er ikkje mogeleg til Skåla, utan at konsekvensane for naturmangfaldet blir større (§ 12 nml).

Nasjonalparkforvaltaren har rutinemessig drøfta bruk av delegeringsreglementet med styreleiar, og det har også vorte orientert om i styremøte. Nasjonalparkforvaltaren vurderer at utvidinga av flygeperiode til juni og juli månad ikkje er i strid med verneføremålet og heller ikkje medfører negativ påverknad på naturmangfaldet.